

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Fylkestinget vedtek Regional plan for attraktive senter i Hordaland som var lagt ut på høyring 20. mai 2014."

Silje Hjemdal sette fram slik protokollmerknad:

"Fremskrittspartiet legg til grunn at det i saker der det vert usemje mellom fylkeskommunen og ein einskild kommune bør kommunen sine interesser vektleggjast."

Einar Horvei sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtar *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, datert 30.10.2014 med følgjande hovudendringar i frå høyringsforslaget:
 - a) Planskildring og retningsliner for bydelssenter i Bergen i planens kapittel 1 endrast slik at ein fremjar sjølvforsynte bydelar. Detaljhandel i bydelssenter skal dimensjoneraast for den bydelen som bydelssenteret skal betene. Unntak er bydelssenteret Indre Arna kor det skal tilretteleggjast for regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal.
 - b) Regionale føresegner og retningsliner for handel i kapittel 4 endrast. Hovudendringa er at utanfor fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter tillatast berre ny eller utvida detaljvarehandel med opptil 1.500 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
2. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel pkt. 4.1 Samtykke skal gjevast i samråd med fylkesmannen i Hordaland.
3. Ingen nye senter vert godkjente utan at det er lagt fram plan for kollektivtransport, gang og sykkel.
4. Nye planar/søknader om senter skal ha vedlagt berekna klimautslepp ved bygging av nytt senter."

Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 4 røyster (SV, MDG).

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Horvei sitt forslag 1 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

Horvei sitt forslag 2 fekk 2 røyster (SV) og fall.

Horvei sitt forslag 3 fekk 8 røyster (SV, MDG, KrF) og fall.

Horvei sitt forslag 4 fekk 8 røyster (SV, MDG, KrF) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for attraktive senter i Hordaland som var lagt ut på høyring 20. mai 2014.
2. a) Fylkeskommunen ser ikkje grunn til å endre forslaget til plan. Det er liten tvil om at Åsane og Lagunen fyller ein regional funksjon og må vere regionale senter.

- b) Fylkeskommunen ser ingen grunn til å ha strengare arealreglar enn statens krav gitt i lover og forskrifter.
 - c) Fylkestinget vedtar derfor høyringsutkastet sine formuleringar på desse tema.
3. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegns for handel pkt. 4.1 Samtykke skal gjevast i samråd med fylkesmannen i Hordaland.

Protokollmerknad frå Frp

Fremskrittspartiet legg til grunn at det i saker der det vert usemje mellom fylkeskommunen og ein einskild kommune bør kommunen sine interesser vektleggjast.